



Kommunane i Vestfold og Telemark

Saksbehandlar, innvalstelefon

Liv Aakre, 35 58 62 58

Resultatkartlegging miljø og skogbrukstiltak 2021 – kommunalt ansvar

Vi syner til brev frå Landbruksdirektoratet av 5. mars i år om resultatkartlegging miljø og skogbrukstiltak 2021. Brevet med to vedlegg ligg ved.

Kommunane må kartlegge i foryngingsfelt hos skogeigarane på lista og svare på 52 spørsmål på kvar voksestad. Det er meir informasjon i brevet frå direktoratet og m.a. i kontrollrapportane 1 og 3 i fagsystemet ØKS. Kommunane må **registrere** resultatane frå kartleggingane **innan 15. oktober** i år i fagsystemet ØKS. Registreringane vil bli gått gjennom hos oss før dei blir sendt vidare til Landbruksdirektoratet.

Vi ber kommunane melde frå til oss om kommunalt eller fylkeskommunalt eigde skogar står på lista. Da gjer vi kartlegginga, jf. § 3 tredje ledd i skogbrukslova.

Resultatkartlegging er ei oppfølging av den nasjonale skogpolitikken. Registreringane som kommunane gjer, er grunnlag for i ein nasjonal rapport.

Med helsing

Knut Ivar Løken (e.f.)
fagsjef

Liv Aakre
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1. Brev frå Landbruksdirektoratet om resultatkartlegging miljø og skogbrukstiltak 2021
2. Instruks frå Landbruksdirektoratet
3. Skjema frå Landbruksdirektoratet



Mottakarliste:

Sandefjord kommune
Nissedal kommune
Vinje kommune
Holmestrand kommune
Notodden kommune
Kviteseid kommune
Fyresdal kommune
Tokke kommune
Kragerø kommune
Hjartdal kommune
Seljord kommune
Larvik kommune
Tønsberg kommune
Drammen kommune
Nome kommune
Tinn kommune
Horten kommune
Skien kommune
Porsgrunn kommune
Siljan kommune
Midt-Telemark kommune
Færder kommune
Bamble kommune